

Sjekkliste for regatta-ansvarleg på Hjeltefjordtrimmen 2017

Dette dokumentet er meint som ei hjelp til deg som skal vera regatta-ansvarleg under Hjeltefjordtrimmen 2017.

Dersom du har innspel til dette dokumentet kan du ta kontakt med. Frank Nyheim på franknyheim@gmail.com eller 99 55 04 74, eventuelt Bjørn-Erik Knudsen 91880318@online.no

Seinast dagen før regattaen

Sjekka vêrmelding

Sjekka motor/drivstoff og anna teknisk utstyr på startbåten

Sjekka flagg, bøyer, tau og lodd

Les seglingsvedtektene nøye

På dagtid regattadagen

Sjekka vêrmelding

(ved svært sterk vind: vurderer og evt. kringkasta avlysning seinast kl. 14.00 via epost, facebook og nettsider)

Vera ute i god tid

Folk og utstyr som skal vera med i startbåten

Minst 3 personar

(Arbeidsdelinga ved start kan til dømes vera 1 båtførar, 2 klokke/lydsignal 3 flaggmeister og ved målgang: 1 båtførar, 2 sekretær 3 utkikk/klokke)

Minst 2 tunge lodd og 1 lett som daumann

Minst 400 meter iletau klar til bruk i stamp

(i verste fall må ein ha iletau til merke 1 + to startmerker = ca. 400 m)

Minst 2 store blåser

Flaggline /strips / tape

Kniv / båtshake

Flaggstativ

Fløyte/tut/signalhorn/tåkelur til å laga lydsignal med

GPS

UTC-klokke











Kikkert

Kartplottar/ekkolodd (høve til å studera dybder)
Kappseglingsreglementet 2017-2020
Seilingsbestemmelsene for Hjeltefjordtrimmen 2017
Vannfast skriveblokk+penn
Laminerte nr. skilt: 1, 2, 3, 4, 5 i minst A3-storleik

Kamera
VHF

Ta gjerne en utskrift av resultatlisten for hjelp under avviklingen.

Fylgjande 11 flagg skal vera med i startbåten:

Flagg					
Namn på flagg	AP	Signalflagg N Signalflagg A	Signalflagg D	Signalflagg E	Signalflagg F
Vert brukt ved	Utsetjing	N over A: Alle seglasar er annullert. Ikkje fleire seglasar i dag.	Klasseflagg 0,000 – 0,940, rekruttklasse, u/spinnaker	Klasseflagg 0,941 og over	Klasseflagg Melges og Flerskrog
Lydsignal	Opp: 2 lydsignal Ned: 1 lydsignal	Opp: 3 lydsignal			
Flagg					
Namn på flagg	Signalflagg M	Signalflagg P	Signalflagg S	Signalflagg X	Fyrste likhetsteikn
Vert brukt ved	Erstattar merke	Klarsignal	Avkorting	Individuell tilbakekalling	Generell tilbakekalling
Lydsignal		Opp: 1 lydsignal Ned: 1 lydsignal	Opp: 2 lydsignal	Opp: 1 lydsignal	Opp: 2 lydsignal Ned: 1 lydsignal


Sjå òg forsatsen i kappseglingsreglementet!

Utpå kl. 1800-1820

- Vera i startområdet seinast klokka 1800, sjekk at merke 1 og det faste startmerket er på plass. Ha VHF på på kanal 16.
- Vurdera og avgjera kva løpsalternativ som skal seglast, evt. be om innspel frå andre.
- Leggja startmerke (helst med daumann, slik at det ikkje flyt iletau rundt startmerket) 90° på vinden. Legg fyrst startbøyen godt til lo (40-50 meter), la vind og straum virka før du eventuelt justerer mot le. For å oppnå god spredning på startlinja bør linja ha 3-4° fordel for babord bøye (= 30-40 meter). Lengda på startlinja bør vera 150-250 meter. Sjå større utgåve av dybdekartet på s 6.
- Ta i mot meldingar om Shorthanded-måltal og båtar som vil segla i rekruttklassen
- Notera namn og seglnr. på båtar etter kvart som dei kjem til startområdet.


Dybder kring startlinja på Hjeltefjordtrimmen

A: ca. 30 m. B: ca. 80 m. C: ca. 60 m.



Kl. 1820

- Visa løpsnummer og ha dette synleg til startprosedyrane for alle klassar er gjennomført.
- Sjekka startlinja, dersom linja er veldig skeiv kan du evt. leggja nytt merke og setja på ei kanne eller ein fender på det fyrste startmerket.
- Posisjonera båten ved styrbord bøye
- Gjera klart flagg, lydutstyr, GPS-klokke til startprosedyren



Startprosedyren

1825: Varselsignal 1. start

1826: Klarsignal 1. start

1829: Eitt-minuttsignal 1. start

1830: Startsignal 1. start

(evt. signalisering for individuell / generell tilbakekalling)

1835: Varselsignal 2. start

1836: Klarsignal 2. start

1839: Eitt-minuttsignal 2. start

1840: Startsignal 2. start

(evt. signalisering for individuell / generell tilbakekalling)

1841: Når andre start er fullført skal en vurdere om det er Melges eller flerskrogsbåter i området og i så fall forberede en tredje start. Klarsignal for denne kan gjøres etter eget ønske i perioden 1-5 minutter etter start nr 2.

Eksempelvis:

1845: Varselsignal 3.start

1846: Klarsignal 3. start



1849: Eitt-minuttsignal 3. start

1850: Startsignal 3. start

(evt. signalisering for individuell / generell tilbakekalling)



**Hugs at du uansett grunn kan utsetja starten, så lenge startsignalet ikkje er gått. Dette kan vera nyttig til dømes ved feil i startprosedyren.
AP går ned med 1 lydsignal 1 minutt før ny prosedyre.**

Individuell tilbakekalling		Opp: 1 lydsignal Skal henga i inntil 4 minutt, dersom ikkje tjuvstartande båtar går attende.	
Generell tilbakekalling		Opp: 2 lydsignal Ned: 1 lydsignal. Ny prosedyre 1 minutt etter.	(Dersom det er generell tilbakekalling i 1. start, forskyv du prosedyren for 2. start)

Under løpet

Telja kor mange båtar som seglar. Løpande vurderer evt. avkorting. I forkant av at fyrste båt i klassen rundar, bør det vurderast om siste båt i klassen klarar å runda dette merket før klokka 21.00, då maksimaltida går ut. Ha i mente at vinden ofte minkar etter klokka 20.00.

Fotografera, gjerne ved merkerundingar.

Ved avkorting

Planlegg avkorting i god tid!

Plasser båten på den sida av merket som båtane ville ha segla dersom det ikkje vart avkorting, jamfør vedlegg 3 i seglingsvedtektene.

Gje signal for avkorting = signalflagg S med to lydsignal saman med klasseflagg for dei klassane som skal avkortast.

Notera målgangstider.

Ved målgang

Posisjonera båten 90° på mållinja.

Ha skrivesaker klar. (Dersom ein skriv opp rekkefølgen som båtane kjem i på nest siste merke, så er mesteparten av sekretærjobben alt gjort.)

Notera båtnamn+seglnummer og klokkeslett for målgang, til dømes 20.14.34. Noter evt. protestflagg, båtar som har brutt, vind og hendingar. Har du tatt bilder under arrangementet kan disse sendes til FrankNyheim@gmail.com slik at de kan legges ut på facebook side eller foreningenes hjemmesider.

Etter siste målgang

Rydder merker: Dra opp eine startmerket med ile. Unngå å kappe ilettau til startbøye.

Ring/senda resultatata til resultatansvarleg Amund Nordland amund@strangehagen.no Mobil 97094593

- gjerne som foto av målgangsnotata

Køyra til lands og fortøya startbåt.

På land

Lossa/rydda utstyr. Våte flagg må setjast til tork!

Dersom eitkvart manglar/må utbetrast til neste gong

Ring eller send epost om kva som må gjerast til nøkkelpersonell.

Helsing

Regattakomiteen
Ran Seilforening

Regattakomiteen
Askøy Seilforening

PS! Om det gjer meirsmak å arrangera, så er du hjarteleg velkomen i regattakomiteen!

4 vedlegg

1: Dybdekart over startområdet


2: Prinsipp for avkorting ved runding av Gullskjær

3: Prinsipp for avkorting ved runding av Rotøyane om B

4: Prinsipp for avkorting ved runding av Rotøyane om S


Dybder kring startlinja på Hjeltefjordtrimmen

A: ca. 30 m. B: ca. 80 m. C: ca. 60 m.




Prinsipp for avkorting ved runding Gullskjær om B

Målbåt ligg 300 meter sørøst for Gullskjær.
Mållinja skal passerast i retning frå førre merke.




Prinsipp for avkorting ved runding Rotøyane om B

Målbåt ligg 300m NV for Nordre Rotøy med neset på Nordre Rotøy overrett med neset på Midtre Rotøy.
Mållinja skal passerast i retning frå førre merke.



Prinsipp for avkorting ved runding Rotøyane om S

Målbåt ligg 300 meter sørvest for Søndre Rotøy med neset på Søndre Rotøy overrett med neset på Østre Rotøy. Mållinja skal passerast i retning frå førre merke.



Prinsipp for avkorting ved runding av Skorpa

Målbåt ligg mellom Hauglandsosen lykt og sørspissen på holmen NØ av Skorpo.
Mållinja skal passerast i retning frå førre merke. Målgang skjer på vestsida av målbåten.



Avkortingstad ved runding av Skorpa/Apalholmen/Bukkholmen